

Sommarpryd: *Dette verket frå Bente er no på Haugsåsen Bo- og Kultursenter i Skien, og er eit døme på lokalt samarbeid. Haugerød og Nilsen i Brunkeberg har lakkert blada, medan nissedølen Halvard Sollid står bak monteringssystemet. Sirkelen i verket er tri meter i diameter, og bjørkefiner er bruka som materiale. (Foto: Tom Riis)*

Der tida spelar inn

Tid er ein viktig faktor for kunstnaren Bente Knudsen Sanden. Ho tviheld på det langsame, for det er nødvendig for at ho skal kunne skape.

VTB Geir Ufs
geir.ufs@vtb.no

Kunsten er ein viktig del av identiteten til Bente Knudsen Sanden (51) i Nissedal. Ho er klar på at kunstens vesen og livet har veldig mykje til felles. Kunsten på sitt beste rører ved noko ålment, noko universelt. Bente ser livet som ei samanhengande øving.

Bente blei født i Kristiansand og kjem frå ein familie med mange dyktige handverkarar. Kunsten som kunst var likevel lykkeleg fråverande.

– Kunsten var noko eg sjølv trekte mot, seier Bente.

Kanskje var trekkrafta der alt då ho var fire år gamal. Det var klart for fotografering i barnehagen, og jentene skulle sjølvsagt sitte i ei dokkestoge.

– Eg grein meg til å få lov til å stå ved staffeliet då det skulle takast bilde. Det er veldig underleg. Ein augneblink av trassig vilje frå midten av 60-talet som gjev meg, i ein alder av 51 år, motivasjon og glede. Den gongen hadde eg ikkje peiling om kvar det ville føre meg. Det er ingen garanti for at ting går som me planlegg, men me er prisgjeven det som hender oss, seier Bente.

Ho voks opp i ein familie der stilla råda. Det gjorde at Bente mobiliserte det intuitive for å fange opp det som skjedde rundt henne. I djubda fann ho ein brennande vilje som bar henne vidare.

Fortelje historiene

Det var heilt naturleg for Bente å velje å gå på husflidskulen i Kristiansand, eit triårig løp med teikning, form og farge, saum og vev.

– Eg valde det som sette meg i stand til å fortelje dei historiene eg hadde lyst til å få fram. På dei tri skuleåra bygde eg ein grunnmur i forhold til det eg skulle gå vidare på, seier Bente.

Etterpå venta kunsthøgskule i Danmark og jobbing på ein verkstad hos eit ektepar som båe var bildekunstnarar. Så var det Statens handverks- og kunstindustriskule i Oslo.

Det er bare ein grunn til at Bente enda opp der ho bur i dag.

– Eg hadde nok ikkje funne fram til Nissedal viss eg ikkje hadde treft Torfinn, smiler ho om ektemannen med etternamn Sanden.

Ved bustaden blei det sett opp ein lys og triveleg verkstad, eit godt rom Bente er veldig glad for å ha å jobbe i.

Å bu i Nissedal er til tider vanskeleg og krevjande for Bente.

> Eg leitar alltid etter berøringspunkt mellom det eg tenkjer og vil fortelje.

– Her er ei utfordring som ikkje knyter seg til kunsten, men til korleis Torfinn og eg lever engasjementet vårt. Det er godt å ha ein ektemann som alltid stør opp og har tru på meg, seier Bente.

Dessutan gjer det godt at ho i nærmiljøet har produksjonsbistand i ulike fasar av arbeidsprosessen med kunstverka.

Viktig med natur

Naturen betyr mykje for Bente.

– Eg utøver kunsten godt her, når eg har stilla og naturen, den urørte naturen. For meg er naturen eit rom der tankane blir samla eller utvidar seg og veks. Naturen er livsverda til menneska. Det handlar om å puste, seier Bente.

Livsyrket ho har gått inn i er nok fyrst og fremst ein livsstil. Ved å velje kunsten har ho tatt både eit økonomisk og sosialt val.

– Valet har nokre konsekvensar for det livet ein ynskjer å leve, men det var eg klar over. Effektivitet og lønsemd har lite til felles med drivkreftene i det kunstnariske arbeidet.

Ho får drivkrafta av historiene ho vil fortelje. Materialet finn ho frå historia, bakgrunnen og erfaringa ho har. Det handlar om å sjå og opne augo.

– Når eg får ein idé blir den utvikla over lang tid. Eg leitar alltid etter berøringspunkt mellom det eg tenkjer og vil fortelje. I arbeidsprosessen må eg finne essensen av alle tankane eg har. Eg lyfter tankane opp på eit nytt bevisstnivå slik at det kan bli eit uttrykk av det, fortel Bente.

Det som gjenspeglar kunsten som Bente lagar er at ho er oppteken av natur og menneske, og samspelet og balansen mellom dei.

Få ein tanke

Bente meiner det ikkje er kunstens oppgåve å stimulere vanen. Kunsten er tvetydig, irrasjonell, surrealistisk og mykje, mykje meir. Den vanebetinga tenkinga som tilnærming til kunsten øydelegg for opplevinga. I det ligg det ei stor utfordring i forholdet mellom kunsten og den som ser på han.

– Kunsten min må finne gjenklang i kjenslene dine for at du skal få ei oppleving. Di oppleving er avhengig av at du vil sleppe kjenslene dine. Som betraktar vil du alltid byrje der eg slutta kunstverket. Ofte vil du kunne trekkje ein tråd tilbake til utgangspunktet eg hadde, tanken som låg bak arbeidet. Men eg er meir oppteken av at du skal få ein tanke av å sjå på verket, enn at du skal forstå kva eg har tenkt, er Bente klar på.

I to år no har kunstnaren i Nissedal hatt statens garantiinntekt (GI) som er lønstrinn 1. Bente har alltid levd etter tanken om at ho har eit ansvar for å klare seg sjølv.

– Eg trudde toget var gått, at GI var noko eg aldri skulle få. Derfor var det uverkeleg. Det betyr mykje å få GI, og eg føler stor takksemd for moglegheita det representerer, seier Bente.

Ho må i åra framover gjere seg fortent til GI, og må rapportere og dokumentere kunstarbeidet som blir gjort.

– Å få GI påkviler meg eit stort ansvar, og det kan eg bare utøve gjennom kunsten min, slår Bente fast.

Ho trur ikkje noko er seg sjølv nok, heller ikkje kunsten.

– Kunsten er ein del av den store samanhengen. Det er i det perspektivet eg gjer arbeidet mitt. Eg trur på verdiane som kunsten representerer i samfunnet, avsluttar Bente Knudsen Sanden.

Jol i Vest-Telemark Torsdag 23. desember 2010

Arbeidsrom: *Eit kvardagsbilde som viser Bente Knudsen Sanden i byrjinga med eit nytt verk. Det startar med papp, ein idé som blir jobba vidare på. Like ved er «Grønne puter gror, trø varsomt», nokså nyleg kome heim frå utstilling i Oslo.*

> Eg utøver kunsten godt her, når eg har stilla og naturen, den urørte naturen.

Naturleg: *Ved fotograferinga i barnehagen var det mest naturleg for Bente å stå framom staffeliet. (Privat foto)*

Bente Knudsen Sanden

Ho har si utdanning med diplom frå Statens handverks- og kunstindustriskule i Oslo. Bente har delteke på ei rekkje gruppe- og kollektive utstillingar, hatt separatutstillingar, utført utsmykkingsoppdrag, levert verk til det offentlege og motteke mange stipend. Bente har hatt eit breitt fagpolitisk engasjement og hatt fleire sentrale verv på regionalt, nasjonalt og nordisk nivå.

Bente er medlem av Norske Kunsthåndverkere og Norske Billedkunstnere/Norske Tekstilkunstnere.

«Grønne puter gror, trø varsomt»

Dette kunstverket frå Bente Knudsen Sanden kom gjennom nålaugo for å vere med på årsutstillinga til Norske Kunsthåndverkere i Oslo i haust. «Grønne puter gror, trø varsomt» har også eit indre landskap. Ved hjelp av eit lys på innsida kan ein gjennom eit glas få ei flott og tankeskapande naturoppleving. Verket handlar om natur og menneske, og samspelet og balansen mellom omgjevnadene og individet.

Ved hjelp av lag på lag (totalt 20) med bomullslerret blei forma på verket bygd opp steg for steg. På undersida er det mange trepinnar og tynn metalltråd. Verket har ein diameter på 65 centimeter og er 50 centimeter høg.